


**"Visjonen til eHjerteRehab er å gjere hjarterehabilitering tilgjengeleg for alle."**

-  Sommaren står for døra og det betyr ferie, men også intensivt arbeid. Vi håpar de som følgjer oss får ein strålende sommar, at de nyt gode dagar og får påfyll av energi for hausten som ventar. Vi ynskjer god sommar til alle!
-  Frå juli av startar rekruttering av deltakarar til intervensjonsdelen i utprøvningsstudien. Til no har det vore arbeid med viktig testing og utprøving av kontrollgruppe og testpasientar. No startar vi den verkeleg spanande delen av prosjektet kor heile programmet skal prøvast ut. Følg med framover – vi held dykk oppdatert.
-  Intervju: bli kjend med leiar for arbeidspakke om kontinuitet i behandlinga, førsteamanuensis Irene Valaker

### Kva har skjedd sidan sist?

-  ACNAP i European Society of Cardiology (ESC) sin konferanse gjekk av stabelen 12.–14. juni i European Heart House. eHjerteRehab stilte i storform, med heile seks presentasjonar. Teamet stakk av med fire finaleplassar i to ulike kategoriar, og ein prestisjetung pris: ACNAP Doctoral Student Award 2025!



 **eHjerteRehab**



@eHjerteRehab



@eCardiacRehab



**PROCARD**  
Patient-Reported Outcomes in Cardiology Research Group



@ProcardR



@ProcardForskningsgruppe



@ProcardResearchGroup



@ProcardResearchGroup



[Les skrytebrevet!](#)

[Her er fleire bilete frå kongressen](#)

## ARENDALSUKA 2025

Uke 33: mandag 11. - fredag 15. august

[Les om Arendalsuka her](#)

-  eHjerteRehab søker ein ny stipendiat innan digital hjarterehabilitering ved Høgskulen på Vestlandet. Du får jobbe med teknologi, helse og forskning – og vere del av eit framoverlent forskningsteam!

**Søknadsfrist: 10. august.**

[Søk stillinga!](#)

-  Kva betyr det for digitalisering av helsetjenester at helse ikkje er kjønnsnøytralt?

Eva Gerds, Tone M. Norekvål, og Leonora O. Bergsjø presenterer innledninga for panelsamtalen:  
*På tide å ta kvinners hjertehelse på alvor?*

**11. august kl 18:00 - 18:45**



**Høgskulen på Vestlandet**

Stipendiat knytt til ph.d.-programmet Helse, funksjon og deltaking

**Stipendiat innan digital hjarterehabilitering**

## Portrettintervju med Irene Valaker



Fortel oss litt om deg  
sjølv

Eg heiter Irene Valaker og er førsteamanuensis ved Høgskulen på Vestlandet. Eg underviser og rettleier studentar på bachelor-, master- og doktorgradsnivå, og eg leier eit emne innan helsefremjande og førebyggjande arbeid. Eg har òg utdanning innan bedriftsøkonomi og klinisk spesialisering i hjertesjukepleie.

## Kan du fortelje oss litt om di rolle i prosjektet?

Eg har ansvar for arbeidspakken som fokuserer på "Kontinuitet i behandlinga" mellom ulike delar av helsetenesta. Kontinuitet i omsorga handlar om i kva grad ei rekkje separate helsehendingar blir opplevde som samanhengande, koordinerte og i tråd med pasienten sine medisinske behov og personlege kontekst. Doktorgradsarbeidet mitt var ein del av CONCARD<sup>PCI</sup>-studien, der målet var å utvikle kunnskap om det fleirdimensjonale omgrepet kontinuitet i omsorga på tvers av tenestenivå, med fokus på pasientar sine erfaringar, tilpassing av måleinstrument og faktorar knytt til helseutfall etter PCI. Avhandlinga understrekar at oppfølginga av pasientar må vere integrert med akuttbehandlinga på sjukehus. Dette vil vere hovudfokus for arbeidspakken, i tillegg til intervensjonar som kan fremje meir samanhengande helsetenester. Eg vil koordinere aktivitetane innan arbeidspakken og leggje til rette for samarbeid for å styrkje samspel og sikre samsvar med dei overordna forskingsmåla.

## Kvifor er dette prosjektet viktig?

Manglande integrasjon mellom akuttbehandling på sjukehus og oppfølging i kommunen er ei stor utfordring i mange europeiske land, noko som fører til låg kvalitet og lite effektivitet. Forsking tyder på at digitale, heimebaserte rehabiliteringsprogram kan betre tilgjenge og etterleving. Likevel treng vi meir kunnskap om korleis slike intervensjonar påverkar faktorar som spelar inn på pasientane si evne til å handtere helseinformasjon og følgje behandlingsråd.

## Kva inneber arbeidspakken din?

Mange pasientar har ikkje god nok forståing av behandlinga si og kva livsstilsendringar som trengst. I tillegg er det altfor få som får tilbod om hjarterehabilitering og kjenner seg ikkje førebudde på kva som ventar i opptreningsfasen. Digital, heimebasert rehabilitering har potensial til å gi meir samanhengande og tilpassa behandlingsløp for pasientane. Hovudmålet med denne arbeidspakken er å bidra med kunnskap om korleis eHjerteRehab kan integrerast i eksisterande behandlingsforløp for pasientar etter PCI. Kommunale helsetenester har ei viktig rolle i denne samanhengen, og tett samarbeid med kommunen vil vere avgjerande.

## Fun Fact!

Eg elsker Vestlandet, der dei majestetiske fjella gir meg endelause moglegheiter til å gå på tur og utforske naturen – alt medan eg driv med aktivitetar som fremjar eiga helse og trivsel.

